



## SØKNAD OM TRYGGLEIKSALARM.

**NB: Ein føresetnad for å få tryggleiksalarm er at ein har analog telefonlinje.**

### OPPLYSNINGAR OM SØKAR

Namn:		Adresse:			
Fødselsdato:		Telefonnummer:			
Opplysningar om viktige diagnoser/spesielle problem:					
Fastlege:			Telefonnr.		
Bur åleine: JA ___ NEI ___					
Plassering av nøkkel:					
	Kontaktpersonar:	Adresse	Tlf. arbeid	Tlf.privat	Mobil
1					
2					
3					

Leige av tryggleiksalarm er kr. 195,- pr. mnd. Alarmen vert tilkopla Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS i Florø. Alarmsentralen har ansvar for vedlikehald av alarmane. Brukar må sjølv bere kostnaden dersom ein skadar eller øydelegg alarmen eller mister deler til alarmen t.d. alarmknappen.

Opplysningane i søknadsskjemaet er fortruleg informasjon som vert sendt Alarmsentralen. Leigeavtala gjeld fram til brukaren, pårørande eller andre seier den opp. Brukar må gjere avtale med private om å vere kontaktpersonar, evtnt. heimesjukepleia.

## IPLOS

Jmfr. eiga forskrift frå helse-og omsorgsdepartementet (nr. 204 av 17.02.06)  
Kommunane er frå 1.mars 2006 pålagd å nytte IPLOS som eit obligatorisk verktøy for sakshandsaming, dokumentasjon og statistikk innafør pleie- og omsorgstenestene.  
Opplysningane vert sendt Statistisk sentralbyrå ved kvart årsskifte og vert lagra i eit sentralt elektronisk register som grunnlag for statistikk. Namnet og adressa di er ikkje med i IPLOS – registera. Fødselsnummeret ditt er erstatta med eit tilfeldig nr, slik at ingen kan kjenne att opplysningane om deg.  
Opplysningane omfattar, bustadkommune, kjønn, fødselsår, sivilstand, type husstand, funksjonsevne, relevante helseopplysningar , vedtak m.m. som vedkjem pleie- og omsorgstenester.

## ELEKTRONISK JOURNAL

Hornindal kommune brukar elektronisk journalføring og elektronisk meldingsutveksling. Formålet med dette er mellom anna å gi ei betre samordna teneste til brukarane og overhalde dokumentasjonsplikta i lover og føreskrifter. Dei tilsette som får kjennskap til opplysningar, har teieplikt om desse etter gjeldande regelverk.

## SAMTYKKJE OG UNDERSKRIFT

Eg gjev med dette Hornindal kommune fullmakt til å innhente opplysningar som er relevant for handsaminga av søknaden. Samtykke gjeld for følgjande instansar: fastlege sjukehus/spesialisthelsetenesta, sosialtenesta, nav trygd, likningskontor, bank, forsikring.  
Eg stadfestar at samtykket er frivilleg, og at eg kjenner til at eg kan trekke det tilbake.  
Eg er informert om at eg kan reservere meg mot innhenting av slike opplysningar og at eg kan skrive opp dei instansar reservasjonen gjeld for.

Eg reserverer meg mot at de hentar informasjon frå følgjande instansar:

.....

**Stad/dato** \_\_\_\_\_

**Namn** \_\_\_\_\_

*(Søkar si underskrift.)*

## SØKNADEN

Søknaden er unnateke det offentlege jmfr. Off. lova § 13 og skal sendast til

Hornindal Omsorgssenter  
Hornindal kommune, postboks 24  
6761 Hornindal

Eller leverast i ekspedisjonen ved Hornindal Omsorgssenter.

Sist oppdatert 08.02.2013